



Ivar Holmaas
Sandnesstykket 3
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/967 - 21/8850

Sakshandsamar:
Kjersti Furnes Soltvedt
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:
02.11.2021

Vedtak om oppretting av 4 grunneigedomar til bustadføremål utan fullført oppmålingsforretning - gbnr 32/2 Kvamme

Viser til motteken rekvisisjon av oppmålingsforretning datert 11.09.2021.

Søknad om oppretting av 5 nye grunneigedomar er behandla etter plan og bygningslova og er godkjend i delegert vedtak datert 06.10.2021 i sak 1/884. I rekvisisjonen vert det søkt om utsetjing av oppmålingsforretning for tomt 2-5 der ein vil venta med oppmåling til tilkomstvegen er etablert og tomtene er planert.

Det vert no gjort slikt vedtak etter matrikkellova:

Vedtak:

Me viser til matrikkellova § 6 andre ledd og forskrift til matrikkellova § 25 pkt. 2, og godkjenner søknaden om oppretting av 4 matrikkeleiningar til bustadføremål før oppmålingsforretning er fullført.

Eigedomane vert oppretta i samsvar med tomtegrensene som er vist i tomteplan datert oktober 2021;

- Tomt nr. 5 er tildelt gbnr 32/100
- Tomt nr. 4 er tildelt gbnr 32/101
- Tomt nr. 3 er tildelt gbnr 32/102
- Tomt nr. 2 er tildelt gbnr 32/103

Frist for fullført oppmålingsforretning vert sett til 02.11.2023.

Klage:

Matrikkelføringa og dette vedtaket kan klagast over, jf. matrikkellova §46. Klage skal stilast til statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Eigedomane er no oppretta i matrikkelen og tinglyst.

Vedlagt fylgjer matrikkelbrev over gbnr. 32/100, 32/101, 32/102 og 32/103.

De kan no skriva skøyte på eigedomen. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.»

Ein gjer merksam på at skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/ kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen, før skøytet kan tinglysast.

Eigedomane er å finna på www.seiendom.no og www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Matrikkelbrev 32-100

Matrikkelbrev 32-101

Matrikkelbrev 32-102

Matrikkelbrev 32-103

Gebyr for arbeid etter matrikkellova

Mottakarar:

Ivar Holmaas

Sandnesstykket 3 5981

MASFJORDNES